



Rettt før start ligg seglbåtane og posisjonere seg. «Regina 2» er heilt til høgre i biletet. Begge foto: Kyrre Styve

# Kappsegla i vintersol

**Regattaen Snøføyka levde heldigvis ikkje heilt opp til namnet. Sola skinte på mannskapa medan moderat vind fylte segla.**

**ANGLEVIK:** – Eg har aldri vore med på regatta før, seier Knut Helge Holmefjord.

Han står på kaien i Anglevik og førebear seg på å vera mannskap på «Regina 2». Det er eit yrande liv i marinaen til RAN Seilforening laurdag føremiddag. På turseglarane er det hektisk aktivitet før start, båtane skal klargjerast før regattaen. Varme flytedressar dominerer motebiletet, men Knut Helge Holmefjord stiller i vanleg gore-tex. Han er rekruttert som mannskap over internett.

– Eg såg på heimesida at dei trengte mannskap, og fekk lyst til å prøva, seier Holmefjord.

Han skal vera med i First 36,7-båten til Svein Holmefjord, leiaren i seglforeininga. Saman med 22 andre båtar skal dei prøva å koma seg raskast mogeleg frå start til mål. Men kor seglasen går, skulle først avgjerast rett før start.

– Ein ser an vindforholda, og legg og opp til å kunna korta inn seglingsruta undervegs, fortel

Svein Holmefjord.

## Straum og vind

Starten skal gå rett utforbi marinaen. Båtane byrjar å gå ut, nokre for motor medan andre heisar segla med ein gong.

– Det er viktig å liggja godt an når starten går. Ein må også passa seg for å ikkje hamna i skuggen av andre båtar sine segl, seier han.

Straumforholda spelar og ei rolle. Denne gongen fjørar det ved starttidspunktet. Å tolka straum- og vindforhold er ein viktig del av det å vera skipper i ein regatta.

– Eg har segla her i veldig mange år, men heller ikkje eg er heilt klok på korleis straumen går overalt, seier Svein Holmefjord.

Det blir ikkje lettare av at Storm og Yr har noko ulike vermeldingar. Arrangørane håpar at det skal bli nok vind til at alle kjem seg gjennom seglasen og i mål utan å liggja stille og måtta starta motoren. Vintersola gjev eit visst håp om solgangsbris.

– Alt over 1 sekundmeters vind er greit. Får me 3-4 sekundmeter, er det fine forhold, seier han.

## Debut med segl

Det er langt frå så sterk vind at mannskapa, 6-7 på kvar båt, må leggja seg på rekka for å hindra for mykje helling. Under såpass moderat vind er det heller snakk om å setja seg på motsett side for å sikra ei viss slagside. Seglbåtane likar seg best når masta

ikkje peikar rett oppover. Knut Helge Holmefjord gjer seg klar til sin første seglas som regattamannskap.

– Eg har seglbåt sjølv, men har aldri vore med på regatta, fortel han.

Mange seglarar har bak seg eit langt liv med motorbåtar før dei går over til seglbåt. Men Knut Helge Holmefjord gjekk rett på segling.

– Eg tykkjer det er kjekkast med segl, det er så stille og fint, seier han.

Holmefjord håpar å plukka opp ein del tips og erfaring som også kan koma til nytte på tursegling. Men han er og open for å segla fleire regattaer.

– Det kunne vore interessant å segla regatta med eigen båt, seier han.

## Inn til fjerdeplass

«Regina 2» legg frå kai og seglar mot startområdet. Båtane som går ut frå marinaen får selskap av seglbåtar som kjem frå andre stader. Når starten går er utsikten frå Anglevik full av segl. I to plussgrader og skyfri himmel kjem det etterkvart ein fin bris frå nord. Seglbåtane kappast om å koma seg raskast frå Anglevik, rundt Rotøyane før målgang i Anglevik. «Regina 2» kjem på fjerdeplass i si klasse.

– Det vart ein veldig flott re-



Knut Helge Holmefjord gjer seg klar til sin første regatta, som mannskap på «Regina 2»

gatta, og vinden kom ved starten. Det var vel 2-3 sekundmeter og rettferdige forhold, seier skipper Svein Holmefjord.

Vinden løya litt rett før første runding, og regattaleinga korta seglasen ned litt for dei minste og mest saktegåande båtane. Alle båtane kom seg til mål utan å måtta ty til motorkraft.

– Eg kan ikkje klaga på ein fjerdeplass. Det var ein fin seglas i nydeleg ver, med bra deltaking, seier han.

## Sommarsesongen

Regattaen frå Anglevik vart segla etter lystalsreglar, det vil seia at båtar får lagt til tid etter kor rask båttypen er forventa å vera. «Party Girl» med Jens Altern

Vathne var kjappast av alle med ei totaltid etter tillegg på 3 timar og 10 minutt. I den nest kjappaste klassen var Harald Matlands «X-faktor» raskast, medan «Salt» med Kjell Magnus Økland vart først blant dei minst fartsglade båtane i den korte seglingsruta.

Vintersola varma godt på laurdag, men det blir varmare når sommarsesongen byrjar i mai. Då er det regatta kvar torsdag både før og etter sommarferien, i samarbeid med Askøy seilforening. RAN skal også arrangera fleire andre regattaer i løpet av sommarhalvåret, i tillegg til mange jollearrangement.